

Kvartalsrapport

2-2009



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 2. kvartal 2009

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,9% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 16 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå dei felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Banken sin del av resultatet i felleskontrollerte verksemdar utgjer 10,0 mill. kr. Dotterselskapa har mindre innverknad på konsernrekneskapen.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 20,9 mill. kr som tilsvarar 0,73% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 24,2 mill. kr.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 45,9 mill. kr mot 58,4 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,61%. På same tid i fjor var Rentenettoen 2,23%. Hovudårsaka til inntektsreduksjonen er først og fremst den kraftige rentenedgangen som har vore i 1. halvår. I tillegg er rentenivået så lågt at marginane mellom utlån og innskott er under sterkt press.

Netto andre driftsinntekter vart 29,5 mill. kr mot 16,7 mill. i same periode i fjor. Inntektsauken kjem gjennom utbytte frå tilknytt selskap, provisjonsinntekter og verdistingning på aksjar. Provisjonsinntektene har vekt innafor dei fleste produktområda. Betalingsformidling og forsikring har vekt på 10-20%, medan finansiering har meir enn dobbel provisjonsinntektene. Denne veksten har i stor grad sin årsak i at banken har ein relativt stor portefølje i formidla valutalån som fører til at renteinntekter blir bytta ut med provisjonsinntekter. Vidare har rekneskapen hatt god hjelp av børsoppgangen i 2. kvartal. Medan banken i 2008 måtte skrive ned verdien på aksjeporteføljen med 6,7 mill. kr er den så langt i 2009 skrive opp att med 5,7 mill. kr og er no om lag på kostpris.

Driftskostnadane viser ein auke frå 40,4 til 42,3 mill. kr og er om lag som venta. Banken har i år eit spesielt kostnadsfokus, og prøver å halde auken så lag som råd er. Den største kostnadsauken er pensjonskostnader med 1,3 mill. Lønnskostnader aukar med kun 1,0% og det er mindre enn forventa. Administrasjonskostnader er lågare enn på same tid i fjor. Reduksjonen på 8,6% kjem frå fleire område. Ein årsak til kostnadsreduksjonen er at banken hadde ein del kostnader relatert til omprofileringa i 2. kvartal i fjor.

Andre driftskostnader er om lag som i fjor med unntak av utgifter til eksterne tenester, diverse tap og vedlikehald/service. I tillegg utgjer kostnadsføring av trykkekostnader for Ål bygdesoge 0,5 mill., men der følgjer det med om lag tilsvarande salsinntekter som inngår i andre driftsinntekter.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapsekostnad på 4,6 mill. kr, og er meir enn forventa. Banken har kun konstatert om lag 0,5 mill. som tap hittil i år. Resterande tapsekostnad er auke i tapsekostnader med 3,8 mill. kr som skal spegle verdifallet på banken sine utlån utover normalt verdifall.

Kvartalsresultatet er tilfredsstillande sett i lys av det svake resultatet for 1. kvartal. Den raske rentenedgangen og det låge rentenivået har pressa rentemarginen langt ned. I tillegg har banken gjort ein del avsetningar for å møte framtidig tap. Inntektstapet og tapspostane er berre delvis utlikna med positiv verdiutvikling i aksjeporteføljen, og provisjonsinntekter frå valutalån.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 5.758 mill. kr. Forvaltningskapitalen har auka med 3,4% siste 12 månader. Frå årsskiftet er den redusert med 1,5%.

Utlånsvolumet viser ein beskjeden vekst. Totale utlån ved utgangen av 2. kvartal er 4.856 mill. kr, noko som er 184 millionar meir enn for eit år

sidan. Omrekna i % er veksten 3,9% siste 12 månader. Størst er veksten i bedriftsmarknaden med 7,4% siste 12 månader. På privatmarknaden er veksten 1,7%. Tek ein med overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt, er auken i privatmarknaden 7,2%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 41% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 59%. Av utlån til privatkunder er 62% til lokalmarknaden i Hallingdal og Valdres. Til bedriftsmarknaden er heile 90% til kundar i lokalmarknaden. Overført volum til SpareBank 1 Boligkreditt AS utgjer ved utgangen av kvartalet 285,4 mill. kr og er ikkje med i balansen. Reell utlånsvest siste 12 månader inkludert desse låna er 7,2%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 84,7 mill. kr av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,7% av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 30,3 mill. kr per 2. kvartal og er ein auke på 3,8 mill. kr frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 305,9 mill. kr (sertifikat, obligasjonar, aksjar som inngår i handelsporteføljen). Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 269,2 mill. kr. Norske og utanlandske aksjar er bokført til 36,7 mill. etter nedskrivning for urealisert tap på 0,8 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 101,9 mill. kr.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.441 mill. kr, og er ein auke på 561,7 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 19,3%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskott/utlån) ved kvartalslutt er på 70,8% mot 61,6% på same tid i fjor.

Banken må finansiere ein god del av utlånane med innlån i marknaden. Ved utgangen av kvartalet har banken 6 obligasjonslån på til saman 1.125 mill. kr. Samla ekstern finansiering utgjer 1.517 mill. kr. Av dette har 917 mill. kr løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kr i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kr.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,99% ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

2. kvartal har på mange måtar vore eit økonomisk vendepunkt etter eit halvår med kraftig stopp i økonomien. Noreg er i liten grad ramma av dei store tilbakeslaga som ein ser i verdsøkonomien og ein kan vel nesten ikkje bruke ordet «finanskrise» om situasjonen her heime. Sysselsettinga er framleis høg. Arbeidsløysa er rett nok stigande, men ikkje i den grad som var venta. Renta er rekordlåg, lønsvæksten er moderat og for den vanlege lønsmottakar er situasjonen gunstig. Fleire konjunkturindikatorar peikar oppover, sjølv om industriproduksjonen framleis fell, og delar av næringslivet slit. Teikn til betring i privatøkonomien vil etter kvart virke inn på industriproduksjonen.

I dette biletet ser banken at utlånaktiviteten tek seg opp. Etter ei litt negativ utvikling i dei første to månadane av året har veksten teke seg kraftig opp i 2. kvartal og er no på eit nivå som banken har budsjettert med. Dersom utviklinga held fram, kan det sjå ut til veksten vil auke ytterlegare utover hausten. Likevel er misleghalde lån på eit høgare nivå no enn for eit år sidan, så det indikerer at risikoen for tap er høgare no enn tidlegare. Banken følgjer utviklinga tett og har auka nedskrivning av utlånporteføljen ein god del det siste året.

Rentenivå er rekordlåg både i Noreg og internasjonalt. Det er venta at nivået vil vere lågt ei tid framover. Banken forventar at rentemarginen skal utvikle seg positivt frå noverande nivå når effekten av dei siste renteendringane byrjar å virke.

Banken har no eit komplett fordelsprogram for personkundane sine. Responsen på dette har vore svært god, og me forventar at dette vil vere med på å oppretthalde ein god vekst i provisjonsinntektene.

Den positive utviklinga i 2. kvartal gir forventningar om å nå eit årsresultat som er betre enn 2008, men ikkje på det nivået som var forventa ved inngangen til 2009.

Hallingdal, 30.06.09/11.08.09

Kjell Vidar Bergo Kjell R. Kristiansen Vidar Isungset
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Berit Heitmann Mikael Fønhus Cathrine Fegth

Resultatregneskap 2. kvartal 2009 Tal i heile 1000 kroner

| MORBANK | | | | | | KONSERN | | | | |
|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| Året 08 | 2. kv. 08 | 2. kv. 09 | 30.06.08 | 30.06.09 | | 30.06.09 | 30.06.08 | 2. kv. 09 | 2. kv. 08 | Året 08 |
| 377 315 | 90 596 | 60 506 | 175 760 | 136 490 | Renteinntekter og liknande inntekter | 134 638 | 173 210 | 59 575 | 89 375 | 371 231 |
| 263 856 | 59 678 | 37 505 | 117 349 | 90 558 | Rentekostnader og liknande kostnader | 90 415 | 117 403 | 37 336 | 59 687 | 263 653 |
| 113 459 | 30 918 | 23 001 | 58 411 | 45 932 | Netto rente- og provisjonsinntekter | 44 223 | 55 807 | 22 239 | 29 688 | 107 578 |
| -2 070 | 398 | 6 062 | 3 138 | 6 617 | Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk. | 10 750 | 1 878 | 7 225 | 762 | -6 912 |
| 27 140 | 6 458 | 9 576 | 12 442 | 17 698 | Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 17 698 | 12 442 | 9 576 | 6 458 | 27 140 |
| 2 254 | 767 | 363 | 1 205 | 797 | Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | 797 | 1 205 | 363 | 767 | 2 254 |
| -829 | 843 | 7 155 | 1 384 | 4 662 | Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir | 4 662 | 3 606 | 7 155 | 2 394 | -829 |
| 1 871 | 442 | 383 | 978 | 1 306 | Andre driftsinntekter | 7 645 | 9 526 | 3 264 | 2 995 | 14 347 |
| 23 858 | 7 374 | 22 813 | 16 737 | 29 486 | Sum andre inntekter | 39 958 | 26 247 | 26 857 | 11 842 | 31 492 |
| 137 317 | 38 292 | 45 814 | 75 148 | 75 418 | Sum driftsinntekter | 84 181 | 82 054 | 49 096 | 41 530 | 139 070 |
| 70 160 | 14 555 | 13 669 | 30 439 | 30 878 | Løn og generelle administrasjonskostnader | 35 310 | 34 327 | 15 685 | 16 132 | 78 584 |
| 1 338 | 320 | 411 | 631 | 786 | Avskrivningar mv av varige driftsmiddel | 3 373 | 3 664 | 1 701 | 1 683 | 7 124 |
| 20 700 | 4 907 | 5 727 | 9 365 | 10 646 | Andre driftskostnader | 7 494 | 6 694 | 4 089 | 3 373 | 16 057 |
| 92 198 | 19 782 | 19 807 | 40 435 | 42 310 | Sum driftskostnader | 46 177 | 44 685 | 21 475 | 21 188 | 101 765 |
| 45 119 | 18 510 | 26 007 | 34 713 | 33 108 | Resultat før tap | 38 004 | 37 369 | 27 621 | 20 342 | 37 305 |
| 12 537 | 502 | 1 960 | 1 306 | 4 586 | Tap på utlån, garantiar mv | 4 586 | 1 306 | 1 960 | 503 | 12 537 |
| | 0 | 0 | 0 | 0 | Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt | 0 | | 0 | | 2 118 |
| 32 582 | 18 008 | 24 047 | 33 407 | 28 522 | Resultat etter tap | 33 418 | 36 063 | 25 661 | 19 839 | 22 650 |
| 13 149 | 5 100 | 6 500 | 9 200 | 7 600 | Skatt på ordinært resultat | 7 980 | 9 370 | 6 715 | 5 141 | 12 775 |
| 19 433 | 12 908 | 17 547 | 24 207 | 20 922 | Resultat av ordinær drift etter skatt | 25 438 | 26 693 | 18 946 | 14 698 | 9 875 |
| 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | Minoritetens andel | 6 | 25 | 6 | 25 | -45 |
| 19 433 | 12 908 | 17 547 | 24 207 | 20 922 | Resultat | 25 432 | 26 668 | 18 940 | 14 673 | 9 920 |

Nøkkeltal

| | MORBANK | | | |
|--|-----------|-----------|---------|---------|
| | 2. kv. 09 | 2. kv. 08 | Året 08 | Norm 08 |
| RENTABILITET | | | | |
| Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital | 1,61 | 2,23 | 2,08 | |
| Driftskostnader i % av driftsinntekter | 56,10 | 53,81 | 67,14 | 65,09 |
| Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital | 1,48 | 1,55 | 1,69 | |
| Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad) | 8,20 | 9,79 | 4,68 | 4,63 |
| Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad) | 6,01 | 7,10 | 2,79 | 2,56 |
| Bokførte tap i % av brutto utlån | 0,09 | 0,03 | 0,27 | 0,37 |
| FINANSIERING | | | | |
| Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr. | 3,81 | 13,68 | 1,07 | |
| Innskotsvekst siste 12 mndr. | 19,31 | 12,23 | 21,94 | 8,49 |
| Innskot i % av brutto utlån | 70,87 | 61,63 | 71,05 | |
| Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr. | 3,15 | 20,98 | 15,62 | 11,19 |
| SOLIDITET | | | | |
| Netto ansvarleg kapital | 674 347 | 661 885 | 677 656 | |
| Kapitaldekning | 16,99 | 15,57 | 17,8 | 15,94 |
| Eigenkapitalprosent | 12,16 | 12,44 | 11,70 | 8,28 |
| Nedskrivning i % av brutto utlån | 0,63 | 0,35 | 0,58 | 0,76 |
| Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital | 68,94 | 71,31 | 65,15 | 54,26 |

Balanse per 30. juni 2009 Tal i heile 1000 kroner

| MORBANK | | | | KONSERN | | |
|------------------|------------------|------------------|--|------------------|------------------|------------------|
| 31.12.08 | 30.06.08 | 30.06.09 | EIGEDELAR | 30.06.09 | 30.06.08 | 31.12.08 |
| 142 792 | 27 534 | 130 532 | Kontantar og fordringar på sentralbankar | 130 533 | 27 534 | 142 792 |
| 679 490 | 484 209 | 340 182 | Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 340 182 | 484 209 | 679 596 |
| 4 615 508 | 4 672 043 | 4 855 885 | Brutto utlån til og fordringar på kundar | 4 765 560 | 4 575 403 | 4 514 369 |
| -7 305 | -5 623 | -9 127 | - Individuelle nedskrivningar | -9 127 | -5 623 | -7 305 |
| -19 200 | -10 900 | -21 200 | - Gruppevisse nedskrivningar | -21 200 | -10 900 | -19 200 |
| 4 589 003 | 4 655 520 | 4 825 558 | Netto utlån til og fordringar på kundar | 4 735 233 | 4 558 880 | 4 487 864 |
| 243 998 | 245 511 | 269 204 | Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir | 269 204 | 245 511 | 243 998 |
| 64 852 | 86 385 | 66 947 | Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning | 67 945 | 118 431 | 65 845 |
| 298 | 0 | 48 761 | Eigarinteresser i tilknytt selskap | 69 280 | 0 | 14 706 |
| 22 546 | 24 760 | 22 930 | Eigarinteresser i konsernselskap | 0 | 0 | 0 |
| 48 761 | 0 | 298 | Immatrielle eigedelar | 13 971 | 17 249 | 66 039 |
| 9 156 | 8 657 | 9 201 | Varige driftsmidlar | 101 659 | 98 506 | 102 021 |
| 10 513 | 6 033 | 12 765 | Andre eigedelar | 12 765 | 6 101 | 10 513 |
| 32 657 | 29 912 | 31 558 | Forskotsbetalingar og opptente inntekter | 38 210 | 36 480 | 38 603 |
| 5 844 066 | 5 568 521 | 5 757 936 | Sum eigedelar | 5 778 982 | 5 592 901 | 5 851 977 |
| | | | GJELD OG EIGENKAPITAL | | | |
| 392 000 | 442 000 | 392 000 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 392 000 | 443 578 | 392 919 |
| 3 279 502 | 2 879 607 | 3 441 275 | Innskot frå og gjeld til kundar | 3 433 351 | 2 873 746 | 3 273 173 |
| 1 424 449 | 1 449 436 | 1 124 718 | Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir | 1 124 718 | 1 449 436 | 1 424 449 |
| 30 881 | 23 700 | 21 108 | Anna gjeld | 22 575 | 20 677 | 20 022 |
| 19 818 | 68 583 | 63 645 | Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter | 66 284 | 69 479 | 22 472 |
| 13 535 | 12 290 | 13 696 | Avsetningar til forpliktingar og kostnader | 18 724 | 12 481 | 18 466 |
| 5 160 185 | 4 875 616 | 5 056 442 | Sum gjeld | 5 057 652 | 4 869 397 | 5 151 501 |
| 0 | 0 | 0 | Minoritetsinteresser | 199 | 289 | 204 |
| 0 | 0 | 0 | Fond for vurderingsforskjellar | 20 519 | 30 986 | 17 278 |
| 675 500 | 660 923 | 675 500 | Annan eigenkapital | -1 827 | -2 996 | -887 |
| 8 381 | 7 774 | 5 072 | Sparebanken sitt fond | 675 500 | 660 923 | 675 500 |
| 0 | 24 208 | 20 922 | Gåvefond | 5 072 | 7 775 | 8 381 |
| 683 881 | 692 905 | 701 494 | Resultat hittil | 21 867 | 26 527 | 0 |
| 5 844 066 | 5 568 521 | 5 757 936 | Sum eigenkapital | 721 131 | 723 215 | 700 272 |
| | | | Sum gjeld og eigenkapital | 5 778 982 | 5 592 901 | 5 851 977 |
| | | | POSTAR UTANOM BALANSEN | | | |
| 591 383 | 354 395 | 602 927 | Betinga forpliktingar | 602 927 | 354 395 | 591 383 |

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

| | MORBANK | | |
|---|------------------|------------------|----------------|
| MISLEGHALDNE LÅN | 2. kv. 09 | 2. kv. 08 | Året 08 |
| Brutto misleghaldne lån | 84 725 | 34 619 | 144 439 |
| - individuell nedskrivning | 8 861 | 5 137 | 4 849 |
| NETTO MISLEGHALDNE LÅN | 75 864 | 29 482 | 139 590 |
| IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING | | | |
| Brutto utlån | 288 | 245 | 15 432 |
| - individuell nedskrivning | 191 | 191 | 1 191 |
| NETTO IKKJE MISLEGHALDNE LÅN | 97 | 54 | 14 241 |
| TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR | | | |
| Endring gruppevis nedskrivning | 2 000 | 800 | 2 132 |
| Endring individuell nedskrivning | 2 112 | 0 | 9 823 |
| Konstatert tap i perioden | 497 | 37 | 1 302 |
| Inngått på tidl.konst. tap | -23 | -34 | -720 |
| TILBAKEFØRING (-)/TAP I PERIODEN (+) | 4 586 | 803 | 12 537 |

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål
Postboks 173
3571 Ål
Gol
Postboks 33
3551 Gol

Hemsedal
Postboks 23
3561 Hemsedal
Valdres
Postboks 183
2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

